



Arkivnr: 2014/11403-2

Saksbehandlar: Torill Klinker

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.11.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014
Fylkestinget		09.12.2014

**Regional transportplan Hordaland, revisjon av Handlingsprogram 2015 - 2017****Samandrag**

Første generasjon av Regional transportplan sitt handlingsprogram vart vedteke av fylkestinget i desember 2012 og gjeld for perioden 2013 - 2017. No er me smart halvvegs i planperioden, fleire tiltak er gjennomførte og nokre tiltak er endra i høve til oppsett framdrift og kostnad. Det er difor behov for å oppdatere handlingsprogrammet med prosjektomtale og økonomiske rammer i høve til fylkesbudsjettet.

Dei økonomiske rammene har ikkje gjeve rom for nye større prosjekt i løpet av planperioden. Denne reviderte utgåva av handlingsprogrammet omfattar difor berre omtale av allereie prioriterte prosjekt. Det vert lagt opp til ei meir omfattande rullering av Regional transportplan i samband med neste handlingsprogramperiode (2018-2021). Prosessen knytt til den rulleringa vil starta opp i 2015, og vil følgja plan- og bygningslova sine krav til medverknad og høyring.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek med dette Regional transportplan Hordaland sitt reviderte handlingsprogram for 2015 – 2017.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

*Vedlegg: Framlegg til handlingsprogram 2015 – 2017.*

## Fylkesrådmannen, 21.10.2014

### 1.0 Bakgrunn

Første generasjon av Regional transportplan sitt handlingsprogram vart vedteke av fylkestinget i desember 2012 og gjeld for perioden 2013-2017. Dersom handlingsprogrammet framleis skal vera eit viktig styringsdokument i resten av handlingsprogramperioden er det behov for å oppdatere det med prosjektomtale og økonomiske rammer i høve til fylkesbudsjettet og økonomiplanen for 2015 – 2018. Ettersom vi har vore inne i ein periode med store investeringar på fylkesvegnettet, og dei økonomiske utsiktene for fylkeskommunen tilseier at det ikkje er rom for å auke rammene for fylkesvegar i dei nærmaste åra, er det heilt naudsynt å få på plass eit overordna rammeverk over kva økonomiske bindingar og prioriteringar som skal liggja til grunn for den komande perioden.

### 2.0 Rapportering på tiltak

Handlingsprogrammet er delt i to delar. Den første delen er ei opplisting av tiltak for vidare utgreiingar og planlegging som er naudsynt for å gjennomføra planen. Den andre delen er ei oversikt over prioritering og finansiering av fysiske tiltak knytt til fylkesvegnettet. Det vert rapportert årleg på utgreiingstiltaka.

I samband med revisjon av handlingsprogrammet er dei ulike utgreiingstiltaka gjennomgått og oppdatert i høve til status og framdrift. Ni tiltak er gjennomførte, fem tiltak er overført til Kollektivstrategi for Hordaland, og tjue tiltak er framleis under arbeid. Desse tjue ligg under ulike deltema som *Strekningsvise utbetringstiltak, Drift og vedlikehald, Gang- og sykkelvegar, Ferjedrift, Skredsikring, Infrastruktur for kollektivtrafikken, Transport i Bergensområdet, Riksvegnettet, Jernbane og Sjøtransport*. Gjennomgangen syner at me er i høve til ferdigstilling i løpet av handlingsprogramperioden (2013 – 2017) for alle tiltak utanom eitt: *Samordning av drift og vedlikehald av gang og sykkelvegar*.

Dei ulike tiltaka er nærmare omtala i det vedlagte handlingsprogrammet, del I.

### 3.0 Økonomiske rammer for perioden 2015 – 2017

Vi har vore inne i ein periode med store investeringar på fylkesvegnettet. Dette gjev utfordringar for komande periode, både med omsyn til det store og aukande låneopptaket i fylkeskommunen og med omsyn til store bindingar på igongsette prosjekt.

Bindingane i perioden 2015 - 2017 er knytt til vidareføring og realisering av fylkeskommunale forpliktingar i bompengeprosjekt. Bindingane er også knytt til fullføring av vedtekne strekningsvise tiltak, samt til faste postar (programområda). I tillegg inneber gjeldande drifts- og vedlikehaldsstrategi bindingar med omsyn til sterkare satsing for å stoppe veksten i forfallet på vegnettet.

Dei økonomiske rammene frå forrige handlingsprogram var på om lag 600 mill. kroner (2014-kroner) i fylkeskommunale midlar per år. Denne investeringsramma utgjer 695 millionar 2014-kr etter dei nye momssatsane. Tabellane under syner høgare rammer for siste del av handlingsprogramperioden. Dette skuldast i hovudsak kostnadsauke og forseinkingar innanfor vedtekne prosjekt. Ramma til drift/vedlikehald på om lag 400 mill. kroner per år (467 millionar 2014-kr etter dei nye momssatsane) vert vidareført.

Tabellane viser at det i budsjett- og økonomiplanen for perioden 2014-2017 er lagt opp til å bruka om lag 672 millionar kroner utover dei økonomiske rammene i handlingsprogramperioden 2014 - 2017. Midlane er fordelt til vedtekne prosjekt og det er difor ikkje rom for nye prosjekt i perioden 2015 - 2017.

Rammer fylkesvegnettet 2014-2017, mill. kroner inklusive mva (HFK løying):

Øk. rammer RTP handlingsprogram 2014-17	2014	2015	2016	2017	2014-17
Investeringar	695	716	738	760	2909
Drift/vedlikehald	467	481	495	510	1953
<b>Sum</b>	<b>1162</b>	<b>1197</b>	<b>1233</b>	<b>1270</b>	<b>4862</b>

Budsjett 2014-15 og øk.plan 2016-17	2014	2015	2016	2017	2014-17
Investeringar	972	950	925	767	3614
Drift/vedlikehald	461	472	486	501	1920
<b>Sum</b>	<b>1433</b>	<b>1422</b>	<b>1411</b>	<b>1268</b>	<b>5534</b>

#### 4.0 Vidare arbeid med RTP

Dei økonomiske rammene har ikkje gjeve rom for nye større prosjekt i løpet av planperioden. Denne reviderte utgåva av handlingsprogrammet omfattar difor berre omtale av allereie prioriterte prosjekt. Det vert lagt opp til ei meir omfattande rullering av Regional transportplan i samband med neste handlingsprogramperiode (2018 - 2021). Prosessen knytt til neste rullering vil starta opp i 2015, med utarbeiding av planprogram, og det er lagt opp til endeleg vedtak i fylkestinget juni 2017. Planprosessen kring Regional transportplan 2018 – 2029 (med handlingsprogram for perioden 2018 – 2021) vil følgja plan- og bygningslova sine krav til medverknad og høyring.

#### 5.0 Fylkesrådmannen sine tilrådingar

Handlingsprogrammet for 2015 – 2017 legg opp til tre satsingsområde, og prioriteringar i komande treårsperiode kan oppsummerast slik:

- Markert styrking av tiltak for å ta vare på det eksisterande vegnettet.
- Gjennomføring av allereie prioriterte prosjekt.
- Strekningsvise utgreiingar.

Det er i budsjett- og økonomiplanen for perioden 2014 - 2017 lagt opp til ein auke på om lag 672 millionar kroner i høve til dei økonomiske rammene frå forrige handlingsprogramperiode. Midlane er bundne til vedtekne prosjekt og det er ikkje rom for nye prosjekt i perioden. Fylkesrådmannen ser det difor som eit naudsynt grep at handlingsprogrammet for 2015 – 2017 prioriterer eksisterande vegnett og gjennomføring av allereie prioriterte prosjekt.

I tråd med satsingsområda vil fylkesrådmannen for handlingsprogramperioden 2015 - 2017 ha særleg fokus på vedlikehald og standardhevingsprosjekt, på gjennomføring av dei prosjekta som er prioritert i budsjett og økonomiplan, og ikkje minst på strekningsvise utgreiingar. Ferdigstilling av dette utgreiingstiltaket vil gjera oss betre rusta til å nytte standardhevingsmidlar på heilskapleg vis, og til å kome i posisjon til å foreslå nye investeringstiltak på fylkesvegnettet for perioden 2018 - 2024.

Framlegg til revidert handlingsprogram for 2015 – 2017 har oppdatert prosjektomtale og økonomiske rammer i høve til fylkesbudsjettet og økonomiplan for perioden 2015 – 2018. Etter fylkesrådmannen sitt syn har ein såleis oppfylt målsetjinga om at Regional transportplan sitt handlingsprogram skal vera eit viktig styringsdokument i høve til prioriteringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen tilrar fylkestinget å vedta Regional transportplan Hordaland sitt reviderte handlingsprogram for 2015 – 2017.

